

Strategi og retningslinjer 2017-2020 nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket skal stimulera til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes skal biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne takast vare på og kunne utviklast vidare.

Plikta til å utarbeide lokale retningslinjer for prioritering av søknader etter §3 i forskrift om tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket, ligg til kommunane. Skogbruket oppererar med lange tidsperspektiv og det er difor viktig at skogbruket og skogeigar har langsiktige og stabile rammer å planlegge etter.

NMSK-tilskotet er styrt gjennom eiga forskrift, forskrifta deler oppgåver mellom kommunane og Fylkesmannen. Tilskotsordninga omfattar fleire ulike felt og det er delt mellom fylkesmannen og kommunen kven som står for tildeling og tilråding. Fylkesmannen har satt rettleiande satsar for dei tiltak kommunen løyver tilskot til. Kommunen fastsett sjølv tilskotssatsen, fylkesmannens rettleiande satsar skal motvirke større forskjellar i satsane i dei ulike kommunane.

Kommunens prioriteringar av NMSK-tilskot:

1. Miljøtiltak i skog

Skjøtselstiltak som tek vare på og utviklar miljøverdiar.

Prioriteringar:

- Økonomisk tap knytt til langvarig bevaring av spesielle miljøverdiar.
- Område som er registrert i naturbasen

Tilskotssats:

- Miljøtiltak i skog; miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og kulturminne – intil 100 % tilskot.

Kommunen bestemmer tilskotssats, prioritærer søknadar og løyver tilskot, jamfør § 6 NMSK forskrifta.

2. Bygging av skogsveg:

Radøy kommune arbeidar for at transport av tømmer frå skogen skal skje på ein rasjonell og kostnadseffektiv måte, samstundes som det vert teke omsyn til miljøet. Vegbygging skal i perioden styrast etter prioriteringar knytt til forslag til hovudplan veg. Det vert ikkje gjeve tilskot til skogsvegar med byggekostnad under kr. 30.000. Det vert heller ikkje gjeve tilskot til enkle vegar eller vegklasse 8.

Prioriteringar:

- Vegar bygd etter sams tiltak etter jordskiftelova skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.

- Anlegg i tråd med forslag til hovedplan for skogsvegar.
- Større felles anlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive areal
- Bilvegar
- Ombygging til bilveg
- Traktorvegar i vegklasse 7 i bilvegtrase kan vurderast

Tilskotssatsar:

- Bilvegar klasse 3 og 4 – 30-60 % tilskot. Unntakvis kan det ytast 70 %
- Traktorvegar klasse 7 – 30-45 % tilskot

Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotssats og gjer tilskot. Kommunen tilrår tilskot, jamfør § 5 NMSK forskrifter.

3. Skogkultur:

Lovpålagt tilfredsstillande forynging etter hogst innan 3 år etter hogsten, jamfør forskrift om berekraftig skogbruk § 6 og lov om skogbruk § 6, vert prioritert.

Prioriteringar:

- Skjøtsel med sikte på kvalitetsproduksjon og meir stormsterk skog, i all ungskog som uavhengig av treslag høver til veksestaden.
- Rydding i plantefelt og avstandsregulering vert prioritert.

Tilskotssats:

- Nyplanting i hogstfelt – 30 % tilskot
- Nyplanting; skogreisningsmark, treslagsskifte til gran – 65 % tilskot
- Suppleringsplanting i gran og furufelt – 65 % tilskot
- Lauvrydding i plantefelt – 65 % tilskot
- Avstandsregulering – 65 % tilskot

Kommunen bestemmer tilskotssats, prioriterar søknadar og løyver tilskot, jamfør §4 i NMSK forskrifter.

4. Skogsdrift med taubane, hest o.a.:

Det kan gis tilskot til uttak av tømmer med taubane, hest o.a. Ein føresetnad for å få tilskot er at registrering av miljøkvalitetar i området er gjennomført. Er ikkje slik registrering gjort skal det stillast krav om at dette vert gjennomført. Føremålet med tilskot er å auka verdiskaping i vanskeleg terrengr.

Prioriteringar:

- Det er eit krav om at område vert forynga som kravd i § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i lov om skogbruket.
- Det er satt vilkår for tilskotet at alle drifter over 300 m^3 skal godkjennast av fylkesmannen i samråd med kommunen. Drifter mindre enn 300 m^3 treng ikkje førehandsgokjenning.
- Avverkningsarealet må vera over 3 daa og ha eit ståande volum på minst $4\text{ m}^3/\text{daa}$

Tilskotssats:

- Gran – 80 kr/fm³ i tilskot
- Furu og lauv – 100 kr/fm³ i tilskot
- For bruk av hest og løypestreng – flat sats på 100 kr/fm³ for alle treslag

Fylkesmannen lagar reglar for tilskot, bestemmer tilskotsprosent og gjer vedtak om tilskot. Kommunen tilrår tilskot, jamfør § 7 NMSK forskrifta.